

Nyheitsbrev vår 2007



midgeater[®]
by TEXOL max 
Hungrier than ever!

Ta hagen tilbake, og nyt sommarkvelden!

Vinteren går fort og om nokre veker er det på tide å finne fram fella og gjere seg klar til å årets mygg- og knottsesong.

Alt for 3-4 månader sidan starta sesongen vår, med spørsmål frå interesserte fellekjøparar. Det er spanande at to av bestillingane er frå barnehagar - ein i Bulandet og ein på Frøya.

Vedlagt finn de årets brosjyre, dersom de har vener eller kjente som er interessert i den skotske knott- og myggfella.

Vi var over til Texol, fabrikk i Skottland i januar i år, og fekk då informasjon om vidareutviklinga av fellene som gir resultat på dei fellene som skal ut på marknaden i år.

NYHEIT - 2007-fellene!

- 2007-modellane har 4 vekers kontinuerlig driftstid ved bruk av 10 kg gassflaske, mot tidlegare om lag 3 veker.
- Fellene produserer reinare CO2 og har også eit større dekningsområde.
- Viftekapasiteten er auka med 20 %.

Så Texol sine effektive kvalitetsfeller er med andre ord, vorte endå betre og meir effektive i kampen mot mygg og knott.

Dei første nye fellene kom til Norge frå Skottland i veke 17, og vi starta då utsendingane til nye kundar. Grunna stor pågang og mange bestillingar er vi alt i gang å planlegge neste levering til Norge.

Tusenårsstaden Gulatinget



Midg-it på Gulatinget

Tilbakemeldinga i fjor etter to sesongar med 15 feller i drift på Tusenårsstaden, var svært positiv.

"Knottfellene er ein suksess"

Knotten blei inga plage for den store 4H-leiren og Håkonarspelet på Gulatinget i helga.

Arrangørane meiner at utplassering av knottfeller og god drenering har gjort susen. No er det mindre knott på tusenårsstaden enn på dei fleste andre plassar på Vestlandet.

Det er vi veldig godt nøgde med. sa prosjektleiar Anne-Karin Misje for tusenårsstaden Gulatinget, til avisa Firda i juli i fjor.

Meir informasjon om prosjektet og projektrapporten frå 2005, finn du på www.midgeater.no.

The mighty
midg-it[®]
by TEXOL 





www.midgeater.no

Minner om at det er mykje nyttig informasjon på nettsida vår. Her finn du t.d. brukarmanualen, og også for den tidlegare modellen Midgeater Plus.

Ønsker du ei lettare adresse, er kanskje desse linkane enklare å hugse:

www.knottfeller.no
www.myggfeller.no

Har du ein "filmsnutt" eller bilete av fella i aksjon, er vi svært interessert i det til fotogalleriet på internetsida. Vi er også interessert i tilbakemeldingar på dine erfaringar med fellene.

Bruk gjerne knottfeller@midgeater.no

I slutten av 2006-sesongen fekk vi fleire bestillingar, der kjøparane kjente nokon som hadde kjøpt felle tidlegare i sesongen og hadde fått gode referansar på fellene.. Slike tilbakemeldingar er kjekt å få.

Octenol

Treng du meir luktestoff til sesongen?

Octenol har vi på lager enno til kr 479,- for ein 4-pakning, men når nytt parti kjem inn ut på vårparten vil utsalsprisen auke. Det nye luktestoffet vil vere tilpassa dei nye fellene, med ei brukstid på 4 veker per pakke.

På www.midgeater.no kan du også bestille nye fangsposar til fellene og vintertrekk til Midgeater Plus/Max.

Minner om at vi leverer utstyr til fellene med Posten, utan fraktkostnad for deg.


Kvifor velje **Texol** sine mygg - og knottfeller?

- Reduserer effektivt knott-/myggproblem, både på kort og lang sikt
- Dokumentert effekt og norske referansar gjennom offentleg prosjekt
- Skotsk kvalitetsprodukt med stillegående og miljøvennleg drift
- Ingen elektrisk tilkopling, kun sikker propandrift
- Om lag 4 veker driftstid, ved bruk av 10 kg gass - **nyheit 2007**
- Enkel design som passar inn i alle hagemiljø heime eller ved hytta
- Max einaste fella på den norske marknaden, med skjult gassflaske
- Enkel oppstart og svært lite arbeid med vedlikehald og oppfølging

Vi har opparbeidd mykje kunnskap gjennom prosjekt og felleoppfølging sidan 2005, noko som både nye og gamle kundar, kan dra nytte av.

Så har du spørsmål om fellene, felleplassering m.m. så send ein e-post eller ring oss på telefon 911 54 592.

GOD SOMMARI



The mighty
midg-it
- TEXOL

